



Vår dato:

08.05.2019

Vår ref:

2019/10429

Dykkar dato:

03.05.2019

Dykkar ref:

Rådgivende Biologer AS
Edvard Griegs vei 3
5059 BERGEN
Att. Steinar Kålås

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Løyve til undersøking og tilbakeføring av elvemusling i vassdrag i Hordaland 2019

Rådgivende Biologer AS v/Steinar Kålås får løyve til å handtere og tilbakeføre elvemusling i vassdrag i Hordaland i 2019. Løyvet er gjeve med heimel i § 1 i forskrift om fangst av elvemusling, § 2 i forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvassorganismar og er vurdert etter naturmangfaldlova.

Vi viser til søknad av 23. april og tilleggsinformasjon til søknaden av 8. mai 2019.

Løyvet gjeld ut 2019 og på følgjande vilkår:

1. De kan handtere/måle elvemusling og gjennomføre inventering i vassdraga Haukåselva, Åreideelva, Skjelåna, Hopselva, Osvassdraget, Mjåtveitvelva og Loneelva.
2. De kan tilbakeføre elvemusling frå kultiveringsanlegget på Austevoll til opphavselva Svenheimselva i Lonevassdraget.
3. De kan nytte Q-tips metoden for å samle inn DNA frå inntil 60 individ i kvar av elvane Skjelåna og Hopselva.
4. Utstyret skal desinfiserast før bruk i nytt vassdrag.
5. Data relevant for databasen Vannmiljø skal klargjerast for import innan 31. januar 2019.
6. Løyvet skal vera med under arbeidet.

Elvemuslingen er klassifisert som ein truga art. I Europa er over 95 % av alle førekomstane av elvemusling utrydda, og Norge har eit særleg forvaltingsansvar for arten. I Hordaland er det registrert 24 stammer av elvemusling. Av desse har vi berre to livskraftige stammer att, ni er utrydda og dei resterande kritisk truga. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldlova § 8 må reknast som godt.

Den samla belastninga på stammer av elvemusling i Hordaland er særstakt høg, men vi kan ikkje sjå at dette tiltaket vil vere ei tilleggsbelastning på stammene. Handteringen av elvemuslingane skal vera skånsam. Elvemuslingar vert målt, og i to vassdrag skal det i tillegg takast DNA-prøvar. DNA-prøvar vert tekne ved å føre ein Q-tips forsiktig inn i elvemuslingen for å sikre biologisk materiale. Elvemuslingen vil ikkje få skader av dette, og føre - var prinsippet vert difor tillagt liten vekt i denne saka.



Handtering av musling, inkludert prøvetaking med Q-tips, er omfatta av «forskrift om fangst av elvemusling» og søknaden vert handsama etter denne forskrifta. Trass i at det i praktisk forstand ikkje er snakk om fangst eller innsamling. Jf. § 2 i forskrifta kan Fylkesmannen berre gje løyve til fangst der status for stamma er særskilt god. Med bakgrunn i at dette tiltaket ikkje vil skade eller ta livet av elvemusling, meiner vi dette vilkåret ikkje er relevant i denne saka.

Erfar det noko i vedtaket de vil klage på, kan de sende klage til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteken. Ei eventuell klage skal de sende via Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

John Anton Gladsø¹
seniorrådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Os kommune	Postboks 84	5202	OS
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
SNO			
Miljødirektoratet	Postboks 5672	7485	TRONDHEIM
	Torgarden		
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG